



STATSMINISTERENS KONTOR

Pressemelding

Nr.: 134/1997
Dato: 7. november 1997

Sperrefrist:

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Frå sundag kveld 9. november til tysdag føremiddag 11. november er statsministeren i Helsingfors, i samband med Nordisk Råd sin sesjon der. Følgjet bur på Arctia Hotel Marski, telefon 00 358 9 68 061 – telefaks 00 358 9 642 377. Pressekontakt er informasjonssjef Øivind Østang.

Sundag kl. 19.00 møter statsministeren statsminister Paavo Lipponen til samtale i statsministerbustaden Villa Bjällbo, før Lipponen kl. 19.30 er vert for ein middag for alle dei nordiske statsministrane same staden.

Måndag 10. november kl. 08.30 er det nordisk statsministtermøte i Statsrådets Festvåning, Södra Esplanaden 6. Kl. 09.45 møter statsministrane representantar for dei sjølvstyrte områda i Norden og kl. 10.15 møter dei presidiet i Nordisk Råd. Kl. 11.00 held dei nordiske statsministrane sams pressekonferanse. Også desse arrangementa finn stad i Statsrådets Festvåning. Kl. 12.00 er statsministeren gjest under ein lunsj som president Martti Ahtisaari held i høve Nordisk Råd sin sesjon. Kl. 14.00 deltek statsministrane i åpningsmøtet i Nordisk Råd sin sesjon, i Riksdagen. Kl. 15.00 er det nordisk-baltisk statsministermøte, i Kabinetten 1 og 2 i Riksdagen. Kl. 17.00 er det sams nordisk-baltisk pressekonferanse i Riksdagen sitt auditorium. Kl. 19.30 deltek statsministeren i partiarrangement der europaminister Olle Nordback er vert.

Tysdag 11. november kl. 09.00 deltek statsministeren i generaldebatten i Nordisk Råd sin sesjon, i Riksdagen. Statsministeren reiser attende til Oslo same føremiddagen. Onsdag 12. november kl. 11.30 møter statsministeren den islandske statsministeren David Oddsson til arbeidslunsj på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere. Etter samtalen, ca. kl. 12.30, er dei to tilgjengelige for pressefolk same staden.

Torsdag 13. november kl. 20.00 er statsministeren mellom gjestane ved kong Harald sin middag for Stortinget, på Slottet.

Fredag 14. november kl. 19.00 deltek statsministeren på rådsmøte og valfest i Møre og Romsdal Kristeleg Folkeparti, på Hotell Knausen i Molde. Seinare på kvelden kjem han innom Molde Fotballklubb sin fest på Alexandra Hotell i Molde.

Laurdag 14. november kl. 08.45 deltek statsministeren når rådsmøtet i Møre og Romsdal KrF held fram på Hotell Knausen.